

Reglar for orden og åtferd ved Ytre Herøy ungdomsskule

Reglane for orden og åtferd ved YHU er heimla i Opplæringslova §§2-9, 2-10 og 9a, Forvaltningslova §§37 og 38, samt Skadeerstatningslova §1-2.

Reglane byggjer elles på Utdanningsdirektoratet sine retningsliner for ordens- og åtferdsreglar, samt Herøy kommune si Forskrift for orden og åtferd i Herøyskulen.

Reglane gjeld i skuletida. Skuleveg, skuleskyss, ekskursjonar, elevkveldar og all anna deltaking på skulearrangement, utanom vanleg undervisningstid, er også skuletid.

Ytre Herøy ungdomsskule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære. For at det skal vere slik, må vi heile tida løfte fram formål som læring, tryggleik, trivsel, respekt og likeverd. Skal vi lukkast med dette, treng vi også klare reglar for orden og åtferd.

Orden

Ved YHU er det god orden når du:

- ***bidreg til arbeidsro i timane og viser respekt for undervisninga.*** Den vaksne bestemmer. Klassene kan, i tillegg, også ha sine eigne klasseromsreglar.
- ***møter presis, har orden i skulesakene og har med naudsynte læremidlar og utstyr. Lekser og innleveringar skal vere gjort til rett tid.*** Dersom ein ikkje greier dette, skal skulen ha melding frå føresette.
- ***etter fråvær leverer melding om årsak og lengd på fråværet.*** Ved ulovleg fråvær skal dei føresette få melding om det, og det kan føre til nedsett karakter i orden/åtferd. Alt fråvær vert ført på vitnemålet med unnatak av fråvær etter forskrift til Opplæringslova, §3-41.
- ***let vere å bruke tobakk, snus eller andre rusmidlar i skuletida.*** Det same gjeld godteri, som t.d. snop, brus og tyggegummi, men her kan dei tilsette gjere unntak ved elevkveldar, avslutningar og liknande.
- ***let kniv, ligheterar, våpenliknande og andre farlege gjenstandar ligge att heime.***
- ***har mobiltelefonen, smartklokker o.l. i mobilhotellet i skuletida.*** Avtalar om naudsynt bruk kan gjerast med dei vaksne ved skulen. Datautstyr vert nytta i samsvar med kontrakt for bruk av IKT-hjelpemiddel ved skulen.
- ***held deg innanfor skulen sitt område i skuletida.***
- ***let vere å bruke hovudplagg i timane.*** Unntaket er religiøse hovudplagg som ikkje dekkjer heile, eller delar av, ansiktet. Religiøse hovudplagg som dekkjer heile, eller delar av ansiktet, skal ikkje brukast i skuletida.

Åtferd

Ved YHU viser du god åtferd når du:

- **er mot andre som du vil andre skal vere mot deg.** For elevar og tilsette er respekt, toleranse, inkludering og omsorg viktig. På YHU krenkjer vi ikkje kvarandre. Med det meiner vi t.d. mobbing, vald, rasistiske utsegner/handlingar, nettmobbing, ta bilet og video av andre utan samtykke, deling av bilet og video utan samtykke, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion og livssyn eller plaging av anna slag. YHU følgjer dei 5 delpliktene i aktivitetsplikta i Opplæringslova kap. 9a, i saker der eleven sin rett til eit trygt skulemiljø kan vere trua.
- **avstår frå stygg ordbruk**
- **fer fint åt med inventar og materiell, og hjelper til med å halde skulen ryddig.** Den som øydelegg noko med uvorden framferd, kan bli sett til å rydde opp etter seg, erstatte eller utbetre skadane. Ved skuld i skade kan føresette/elev ha eit erstatningsansvar på inntil kr. 5000,- (jf. Skadeerstatningslova § 1–2).
- **held deg for god til å fuske ved prøver, tentamenar og innleveringar.** Om du fuskar vil du stå i fare for å ikkje få vurdert arbeidet du har gjort, og kan bli sett til anna skulearbeid i tida som står att av økta.

Sanksjonar for brot på reglane kan vere:

- munnleg åtvaring frå tilsette ved skulen
- munnleg/skriftleg påtale og merknad i protokoll
- inndraging av gjenstandar
- kontakt med føresette
- brev heim
- attsitting
- bortvisning frå gruppa for resten av timen/arbeidsperioden. Rektor kan vise bort eleven for resten av skuledagen og inntil tre dagar
- avgrensingar av område eleven kan opphalde seg på, kven eleven kan opphalde seg saman med
- skifte av gruppe, klasse eller skule
- rådføring med/melding til politiet
- alle sanksjonar kan få konsekvensar for karakter i orden og/eller åtferd

Skulen viser elles til Konsekvenstrappa, der alvorsgraden av brot på reglane og konsekvensane av det, kjem fram, samt vurderingskriterier for orden og åtferd.

Reglar for orden og åtferd ved YHU har vore til høyring i kollegiet, elevrådet, FAU og endeleg godkjenning i SU.

Helge Hamre
-rektor-



KONSEKVENSTRAPP FOR YTRE HERØY UNGDOMSSKULE

1. Små brot på skulen sine reglar

Døme:

- Enkelte forseintkominger
- Gløymt utstyr
- Bruk av mobiltelefon, hovudplagg, ytterkle i klasserommet m.m.
- Forsøpling

Tiltak/konsekvens: venleg, men bestemt påtale. Ordensmerknad vert gjeve. Kontaktlærar vert informert, dersom det trengs.

2. Gjentekne brot på nivå 1, samt grovare regelbrot

Døme:

- Skulk
- Respektlaus framferd
- Sloss, skubbe, herje, knipe, krokfot osv.
- Forstyrrende åferd i undervisninga
- Krenkande tiltale og handlingar, som: kalle, erting, true, gjere narr, digital spreieing av bilde av andre osv.

Tiltak/konsekvens: Kontaktlærar undersøkjer, gjev merknad og ringjer heim same dag. Rektor blir informert. Heim, skule og elev gjer avtale. Rektor kan gjere vedtak om bortvisning.

3. Gjentekne brot på nivå 2, samt alvorlegare regelbrot

- Slag, spark og anna vald
- Mobbing
- Krenkande tiltale som går på opphav, hufarge, seksuell orientering, religion og familiære forhold
- Rusmiddel (ha med/bruk)

Tiltak/konsekvens: Kontaktlærar undersøkjer, gjev merknad og ringjer heim same dag. Heimen blir informert og kalla inn til møte med skulen. Rektor blir informert og deltek på møta. Skulen opprettar 9a-sak i saker det er relevant. Bortvisning, inntil 3 dagar, kan bli brukt. Direkte nedsett åferds-karakter vil òg bli vurdert. Rektor informerer oppvekstsjefen. Melding til politi og barnevern kan kome på tale.

4. Gjentekne brot på nivå 3, lovbro og skulevegring

Tiltak/konsekvens skulevegring:

- Kontaktlærar ringjer heim, informerer og avtalar møte
- Skule og heim lagar tiltaksplan og gjer avtalar etter eigen handlingsplan for skulevegring
- Tilpassa skulegang

Tiltak/konsekvens gjentekne brot på nivå 3:

- Kontaktlærar og/eller rektor kontaktar heimen, informerer og kallar inn til møte
- Bortvisning inntil 3 dagar
- nedsett åferds- og/eller ordenskarakter
- vurdere melding til barnevern

Tiltak/konsekvens ved alvorlege lovbro:

- melding til politiet
- rektor kontaktar heimen same dag, informerer og kallar inn til møte
- bortvisning med straksverknad
- vurdere melding til barnevern

Rektor melder vidare til oppvekstsjefen i alle tilfella nemnde ovanfor.

VURDERINGSKRITERIUM I ORDEN OG ÅTFERD
FOR YTRE HERØY UNGDOMSSKULE

Karakter	Kjenneteikn	Vurderingskriterium i ORDEN
God	Dette er ein elev som har god orden.	<ul style="list-style-type: none"> • Eleven møter presis til timen. • Eleven er budd til timen og har med rett utstyr. • Eleven er punktleg når det gjelder tidsfristar/innleveringar. • Eleven har orden i skulesakene sine. • Eleven held orden på plassen sin og i klasserommet. • Eleven følgjer skulen sine ordensreglar.
Nokså god	Dette er ein elev som har nokså god orden. (Over 8 merknadar)	<p>Eleven har nokre av kjenneteikna under:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eleven kjem ein del for seint til timen. • Eleven manglar ofte rett utstyr og er ikkje alltid budd til timen. • Eleven har ein del rot i skulesakene sine og på plassen sin. • Eleven held ofte ikkje tidsfristar/innleveringar. • Eleven har noko ugyldig fråvær.
Lite godt	Dette er ein elev som skil seg ut med svært dårlig orden. (Over 15 merknadar)	<p>Dette inneber eit eller fleire av punkta under:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eleven kjem ofte for seint til timen. • Eleven er sjeldan budd til timen og har sjeldan med rett utstyr. • Eleven har mykje rot i skulesakene sine og på plassen sin. • Eleven held sjeldan tidsfristar/innleveringar. • Eleven har stort ugyldig fråvær.

Karakter	Kjenneteikn	Vurderingskriterium for ÅTFERD
God	Dette er ein elev som har alminneleg god åtferd.	<ul style="list-style-type: none"> • Eleven følgjer skulen sine reglar for åtferd. • Eleven viser respekt for medelevar, lærarar og andre dei er i kontakt med i skuletida, til dømes nabobar til skulen. • Eleven bidreg positivt i undervisninga. • Eleven tek vare på og behandler skulen sitt utstyr pent.
Nokså god	Dette er ein elev som viser gjentekne eksempel på dårlig åtferd.	<p>Eleven har eit eller fleire av kjenneteikna under:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eleven bryt gjentekne gongar skulen sine reglar. • Eleven viser ikkje alltid respekt for medelevar og lærarar. • Eleven har plaga eller delteke i mobbing av medelevar. • Eleven skaper ein del uro i undervisninga. • Eleven har juksa på prøver og eller heimearbeid. • Eleven tek ikkje alltid vare på skulebøker og skulen sitt utstyr.
Lite godt	Dette er ein elev som skil seg ut med dårlig åtferd.	<p>Dette gjeld eit eller fleire av desse punkta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eleven rettar seg i liten grad etter skulen sine reglar. • Eleven har liten respekt for medelevar, lærarar/andre dei kjem i kontakt med i skuletida og hamnar ofte i konflikt. • Eleven har plaga eller delteke i mobbing av medelevar fleire gonger. • Eleven har utøvd vald. • Eleven skaper mye uro i undervisninga. • Eleven tek i liten grad vare på skulebøker og øydelegg skulen sitt ustyr. • Eleven er meld til politiet for eitt eller fleire forhold.